



Kommunereforma – regional ressursgruppe

Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland

Tidspunkt: 20. mai 2015 14:30-16:30

Medlemmer/deltaking:

Fylkesmannen	Lone M Solheim, Anfinn Rosnes
KS	Hilde G Bjelde, Helene Ohm, Helene Arholm, Frode M Ingvaldstad
Jærrådet	Frode Fjeldsbø
Regionråd Dalane	Marthon Skårland
Ryfylkerådet	Forfall
Haugaland vekst	Aase Simonsen
Rogaland fylkeskommune	Janne Johnsen, Trond Nerdal
Sandnes kommune	Pål Morten Borgli
Stavanger kommune	Christine Sagen Helgø, Inger Østensjø
Distriktsenteret	Birte K Fossheim
NHO	Hallvard Ween
LO	Øystein Hansen
IRIS	Einar Leknes

Møteleiar: Lone Merethe Solheim

Møtet starta med ei innleiing frå Fylkesmannen v/Lone Solheim om kva FM har gjort i høve til oppfølgingspunktene frå førre møte i ressursgruppa og aktivitetar elles. Det blei helst frå Magnhild som følger Kronprinsen på besøk i Rogaland denne i dag.

1. Status pr mai i kommunane v/Anfinn Rosnes

Det blei orientert om status i kommunane, det er nå aktivitet i alle kommunar. Framleis berre Forsand, Strand og Hjelmeland som er i konkret dialog om ny kommune.

Fylkesmannen har laga ei eiga kartløsing på si nettside, der det vil vere oppdatert informasjon. Det kjem fram av teksten når oppdateringa er gjort. Status blei supplert med informasjon frå regionane som var representerte. Rapporten frå utvida Jærråd vil bli offentleg i løpet av mai. Karmøy har nyleg hatt ei spørjeundersøking, resultatet ligg på kommunen si nettside.

2. Kort info om Oppgåvemeldinga St. meld 14 (2014-2015) v/Anfinn Rosnes

I meldinga kjem det fram ei rekke oppgåver som er tenkt lagt til kommunenivå, med hovudføremål å legge oppgåver nærmest mogleg innbyggjarane. Hovudprinsippet er generalistkommune, men dei største kommunane kan få fleire oppgåver (VGS, kollektivtransport). Meldinga skal til behandling i Stortinget den 9. juni 2015.

3. Storbyregionane sine særlege utfordringar v/Christine Sagen Helgø

Helgø viste til høyringsuttale frå Storbynettverket datert 27. mars 2015. I uttalen blir det peika på at meldinga er eit skritt i riktig retning om oppgåveløysing i framtida.

Storbykommunane ønskjer nye oppgåver, og er positive til å få ansvar for VGS og kollektivtransport. Kan gjerne ta på seg fleire oppgåver enn det som kjem fram av meldinga. Kva som blir framtidige kommunegrenser og regiongrenser blir viktig når vi skal drøfte oppgåver. Formannskapet i Stavanger har vedteke uttalen som blei gitt. Uttalen frå Storbynettverket blir lagt ut på Fylkesmannen si nettside saman med referatet frå møtet.

4. Kva med det regionale nivå? v/Janne Johnsen

Johnsen kommenterte meldinga sett frå fylkeskommunen (FK), og framheva at det står lite om FK i meldinga. Nabopraten på regionalt nivå er i gang, det har vore felles fylkesutvalsmøte mellom Rogaland og Vest-Agder, og temaet skal opp i neste møte i Vestlandsrådet. Johnsen framheva FK si viktige rolle som drivar av VGS. Det er t.d. fritt skuleval mellom Hordaland og Rogaland. Det er viktig at vi ikkje får eit A- og eit B-lag når det gjeld VGS.

Frå KS blei det vist til uttale til Stortingets kommunal- og forvaltnings komité datert 10. april 2015, der det m.a. er konkludert med at ansvaret for VGS og kollektivtransport bør bli liggjande på det folkevalte regionale nivå.

5. Fører interkommunalt samarbeid til svekking av lokaldemokratiet? v/Einar Leknes

Leknes var utfordra til å orientere om funn i forskinga når det gjeld interkommunalt samarbeid, og konsekvensar for lokaldemokratiet. Han viste til kjend feilsitat i rapport frå ekspertutvalet i dette spørsmålet. Det samla inntrykk er at interkommunalt samarbeid gir både muligheter og utfordringar til kommunane, men det er ikkje grunnlag for å hevde at interkommunalt samarbeid slik vi har i dag bidreg til utholing og forvitring av kommunane. Mindre kommunar er meir tilbøyelige til å meine at interkommunalt samarbeid bidreg til mindre styring. Funna viser at dei store kommunane har betre kontroll på dei ulike selskap enn små kommunar. Det er ulike vurderingar av dette alt etter kven du spør, eksempelvis klar skilnad mellom daglege leiarar av selskapa og formannskapsmedlemmar. Minst kontroll når det gjeld IKS/AS.

6. Prosess-samling til hausten – tidspunkt og aktuelle tema

Fylkesmannen har, i dialog med KS, planar om ei ny prosess-samling til hausten. Gruppa blei utfordra til å kome med innspel til tidspunkt og tema.

Aktuelle tema som kom fram:

- Demokrati (interkommunale selskap, politisk organisering, demokratirettleiar)
- Næringslivet (dagens- og morgondagens arbeids- og bustadmarknad, ny geografi/infrastruktur)
- Identitet

Vi var samde om at tidspunkt for samlinga må vere etter konstitueringa etter valet. Dette blir sjekka ut noko nærmare, og alle kommunar mv blir informert når det er endeleg stadfesta.

Etter møtet har styringsgruppa kome fram til forslaget **onsdag 28. oktober 2015**. Det kjem meir informasjon om tidsramme og stad etter kvart.

7. Open post

Det kom fram spørsmål knyta til føremålet med gruppa, og at vi må ha fokus på målretting av møtet, jf mandatet. Eit døme kan vere å invitere inn aktuelle personar som kan presentere viktige erfaringar/dokumenter, det kan t.d. vere ein kommune som har hausta nyttig erfaring og/eller eit anna fylke/FM kan kome å fortelje om si erfaring.

Plansjar brukt i møtet blir lagt ut på Fylkesmannen si nettside saman med referatet.

Neste møte blir **onsdag 30. september kl 13:00-15:00**

*Anfinn Rosnes
referent*